

## **Innspel til Kommunedelplan for Lifjell 2023–2033**

Innsendar: Margit Ims, innbyggjar i Midt-Telemark.

Område: Innspela mine er overordna knytt til området planen dekkjer.

### **Bakgrunn**

Eg bryr meg om nærområdet mitt. For oss som bur i Midt-Telemark er Lifjell eit viktig turområde heile året.

Ein annan grunn til engasjementet mitt for Lifjell-planen er naturen sjølv som ikkje kan skrive noko høyringssvar. I plandokumentet står det at ein skal følgje nasjonale og regionale retningslinjer, blant desse rammene inngår miljøomsyn.

### **Langsiktig perspektiv**

Overordna for innspelet mitt, både når eg legg fram interesser for oss som bur i nærområdet og nyttar Lifjell som fristad og rekreasjonsområde og når eg deler bekymring for naturen, er ei oppmoding om å tenkje langsiktig og å setje grenser for kortsiktige næringsinteresser og hytteutbygging.

Paragraf 112 i Grunnlova har bakgrunn i tilråding frå FN gjennom Verdskommisjonen for miljø og utvikling og blir omtala som miljøparagrafen. Her heiter det:

*«Alle har rett til eit helsesamt miljø og ein natur der produksjonsevna og mangfaldet blir halde ved lag. Naturressursane skal disponerast ut frå ein langsiktig og allsidig synsmåte som tryggjer denne retten og for kommande slekter. Borgarane har rett til kunnskap om korleis det står til med naturmiljøet, og om verknadane av planlagde og iverksette inngrep i naturen.»*

For prosessen vidare vil eg understreke kor viktig det er å ha kunnskap om verknader på plass før ein planlegg og iverkset inngrep i naturen.

I økologien omtalar ein kritiske vippepunkt, både i omtale av klimaendringar og livsvilkår for ulike artar. Noko av det kritiske med vippepunktta er at ein ikkje alltid kan vita når ein når ei «hit, men ikkje lenger»-grense som fører til drastiske endringar for økosystem eller artsbestandar. Ei markagrense er foreslått. Eg vil også oppmode om ei slik tydeleg grense og om å nytte føre-var-prinsippet.

Forslag:

- Vedta markagrense slik mellom andre Eldrerådet har gått inn for.

### **Innbyggjarperspektiv**

Nærområdet er viktig i eit folkehelseperspektiv, det er viktig for å skape stadtilhøyrse og tilknytning til naturen. Lifjell er eit mykje brukt turområde heile året med eit rikt repertoar av turstiar og løypenett for skigåing. Særleg står enkelte løypetrassear i fare for å koma i konflikt med hytteutbygging. Det må ein unngå. Skitrasseane er utsette, på grunn av terrenget kan ikkje berre løypa gå ein annan stad. Dei siste åra har det vore lagt til rette for nye skiløyper noko som viser at det er potensiale for å utvikle løypenettet vidare og gjera Lifjell meir tilgjengeleg for skigåing for fleire brukargrupper.

Forslag:

- Innlemme turar til og opplæring om Lifjell i barnehagar og skular. Opplæringa bør leggje vekt på historie om kulturlandskapet, kunnskap om ulike naturtypar og artar.
- Ta omsyn til vinterlandskapet og skiløypetrassear i vurdering av utbygging.
- Sikre allmenn bruk av områda som er brukt til skileik i Krinto-området.

### **Naturvern**

Naturtypar: Arealet på Lifjell er eit fjellområde som også omfattar ferskvatn, våtmarker, skog og kulturlandskap. Alle desse naturtypane spelar kvar for seg ei viktig rolle, ikkje minst for bevaring av artsmangfald, og treng ulike typar vern.

I planprogrammet er myrområda nemnt spesielt, det kjem fram at det er behov for å kartlegge desse og vurdere konsekvensane av planforslaget med tanke på funksjonen som karbonlager og flaumdempar. Dette naturlege tryggleiksnettet våtmarkene utgjør er utsett. Ei myr kan ikkje reinse vatnet viss den er fjerna for å gi plass til ein grunnmur eller viss vatnet er vekk. Noreg er blant landa i Europa med mest myr, og vi har da eit særskilt ansvar. FNs naturpanel

har slått fast at 85% av verdas våtmarker er tapt, og at vi mistar område av denne naturtypen omtrent tre gonger raskare enn vi mistar skog.<sup>1</sup>

Forslag:

- Midt-Telemark kommune lagar eit artsrekneskap, der det mellom anna kjem fram kor det er stort biologisk mangfald og truga artar, slik at ein styrer unna slike område i vidare planlegging.
- Midt-Telemark kommune lagar arealrekneskap over naturtypar der myrområda er kartlagt og vernar desse områda for utbygging.
- Bevare beitemarker og stø naturvenleg landbruksdrift som held i hevd kulturlandskap som er viktige leveområde for pollinerande insekt.
- Initiere ordningar for at fleire kan dele på hytter og slik oppleve fjellnaturen utan å byggje fleire hytter.
- Følgje opp Den europeiske landskapskonvensjonen Noreg er forplikta på og betre kunnskapane om eigne landskap lokalt og vurdere om desse er godt nok ivaretatt i plan- og lovverk. Auke kompetansen om biologisk mangfald i kommunen. Opplæring i barnehage og skule med turar til Lifjell.

### **Avsluttande merknad**

Avgjersler som blir tatt på lokalt nivå spelar ei viktig rolle i den større samanhengen. Naturen er ikkje ein annan stad. Den er nær folk som tar avgjersler på lokalt nivå. Eit inngrep her, eit inngrep der er kanskje ikkje kritisk i seg sjølv, men summen av inngrepa som blir gjort kan ha store konsekvensar.

---

<sup>1</sup> Lene Liebe Delsett (2021), *Brennmaneteffekten. Hvordan går det med den norske naturen?* S. 114.